

## Målark – oppgåve i emnet *Den andre verdskrigen*

### 9.klasse våren 2017

- Du skal fordjupe deg i eit delmål.
- Du skal arbeide åleine med oppgåva.
- Du skal finne teoristoff frå andre kjelder i tillegg til læreboka di.
- Alle skal levere til respons(sjå eige tidsskjema).
- Du skal levere inn **eit skriftleg produkt** som fortel kva du har arbeidd med og funne ut, inkludert dine refleksjonar om temaet ditt.
- Du må ha med kjeldeliste.
- Du må halde dei tidsfristane læraren har bestemt, sjå tidsplan.
- Du skal **presentere resultatet ditt for eit publikum**.
- Innhaldet i oppgåva og framføringa blir vurdert i faget samfunnsfag.

### Tidsplan:

- Onsdag veke 19 (10.mai): 1.utkast
- Fredag veke 20 (19.mai): Endeleg levering av oppgåva
- Torsdag og fredag v. 20: Framføringar



	Måloppnåing		
	Låg	Middels	Høg
<b>Respons</b>	Leverer ikkje 1.utkast.		Du leverer arbeidet ditt inn til respons og følger ev. råd om utbetring.
<b>Kjelder</b>	Du skriv rett av kjeldene. Kjeldene er ikkje oppført i ei kjeldeliste.		Du bruker kjeldene på ein gjennomtenkt måte og får dei til å gli godt inn i oppgåva di. Kjeldene er rett oppførte.
<b>Skriftleg produkt</b>	Oppgåva di er kort og inneheld fakta om temaet du har vald, men det er ustrukturert og mangelfullt.		Oppgåva di er fyldig og inneheld framside, innleiing, hovuddel der du skriv kva du har funne ut, gode refleksjonar, konklusjon og kjeldeliste. Du har med passande illustrasjonar.
<b>Presentasjon</b>	Du les opp manuset ditt, snakkar utydeleg og manglar refleksjonar og eigne meiningar. Tilfeldig/manglande bruk av hjelpemiddel.		Du fortel fritt og engasjert, snakkar høgt og tydeleg og har god kontakt med publikum. Du viser det du har lært gjennom gode refleksjonar og eigne meiningar, og du engasjerer tilhøyrarane.